



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		

Oppstartsvedtak - Bustadfelt Midtveit

Vedlegg

- 1 Anbudstegninger

Dokument i saka

Bakgrunn

Reguleringsplanen for Midtveit bustadfelt, [plan id 20210004](#), vart vedtatt i kommunestyre i november 2023. Det er lagt opp til totalt 25 bustadtomter. Opparbeiding av veg, vatn, avløp og overvatn ligg inne i kommunens økonomiplan for 2025 og 2026 med totalt 20 millionar. Det er inngått avtale med grunneigar om kaup av arealet for kr 42 pr m². I tillegg kjem kostnader til erstatning av industritomt med tilhøyrande bygg og installasjonar.

Sjølve anleggsarbeida er no lyst ut på anbod og det er lagt opp til fylgjande framdrift:

Tilbodsfrist	20.06.2025
Kontraktsinngåing	04.07.2025
Anleggstart	04.08.2025
Overlevering av ferdigstilt anlegg	01.07.2026

Vurdering

Prosjektet er i tråd med kommunens økonomiplan og kommunedirektøren tilrår at det blir gjeve klarsignal i tråd med dette. Dersom innkomne anbod er utanfor rammene i økonomiplanen vil ein komme attende med ei ny sak før inngåing av kontrakt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Formannskapet godkjenner oppstart av bustadfelt Midtveit.